



**Søknad til Lindås kommune  
om støtte til å vidareutvikla og bevare Roparhaugsamlinga  
si immaterielle kulturarv**

Kontaktinformasjon:  
Vegard Eide  
tlf. 414 55 715  
[vegardeide@hotmail.com](mailto:vegardeide@hotmail.com)

Bergen, 18. februar 2018

## **Samandrag**

Vegard Eide søker støtte til å vidareutvikla og bevare Roparhaugsamlinga si immaterielle kulturarv. Frå før (i 2017) er det mottatt støtte til innkjøp av glassmonter, og diverse småting – no vert det søkt om midlar til å ferdigstillast denne utstillinga av innsamla historie knytt til tre kulturbrøyr frå Øvretveit; ein forfattar, ein skodespelar og ein felespelar/felemakar – samt lokal kultursoge.

Målet med å ha ei slik utstilling i Roparhaugsamlinga er å bevare den immaterielle kulturarven knytt til huset/museet som er i ferd med å forsvinna. Samlinga består i dag av gjenstandar utan personlege historier knytte til dei. Det ynskjer eg å gjera noko med. Lindås er ein kommune med slagord «Der draumar vert røyndom» - og desse tre brøyrne fulgte eigne draumar i ei tid kor deira karriereval var utanom norma. Nettopp det er eit godt utgangspunkt for inspirasjon. Vidare vil tekst og bilete frå lokalsoge kontekstualisera gjenstandane i samlinga og hjelpa setja dei inn i si samtid.

Det vert herved søkt om 27.000 kr til formålet.

## **Bakgrunn**

Gjennom dei siste åra har underteikna vore svært interessert i lokalhistorie og bedrive innsamling av forteljingar, bilete, stadsnamn og kart, hjå dei eldre i bygda Kløvheim (som omfattar Fammestad, Haugsdalen, Tveitegrend). Etter ein folkemusikk-konsert i Roparhaugsamlinga i 04.august 2012, vart eg fenga av huset, og tok seinare kontakt med Sigrun Øvretveit, dotter av Karl Øvretveit som har skapt Roparhaugsamlinga. Frå ho har eg fått samla mykje historie knytt til staden, i form av bilete, avisutklipp, bøker, musikk, med meir.

Eg har i den siste tida arrangert fleire kulturhendingar i Roparhaugsamlinga, deriblant releasekonsert for ein EP eg gav ut, 125 års-jubileum for Karl Øvretveit med konsert, diktlesing og forteljingar, samt eit foredrag i høve 250 års-jubileum for Strilakrigen av ein forfattar frå Universitetet i Bergen. Det er vidare planlagt ei opning av utstillinga det vert søkt om midlar til, sumar/haust 2018 – samt er det planar om ein kulturkveld same år, og vidare idear om marknad m.m i samarbeid med Kløvheim bygdelag.

Etter aukande bruk av huset har eg bite meg merke i eit stort forbettringspotensial i høve bevaring av den immaterielle kulturarven knytt til huset og bygda. Som engasjert i lokal kultur, og med overskot av gjennomføringskraft, ser eg det som mi plikt å puste liv att i noko bygda og besøkande vil ha glede av i tiår etter tiår – nemleg eit hus for kulturarrangement, med omgivnader som set ord, bilete og lyd på kulturmenneska som i ei tøff tid torde å følge draumane sine. Eit slikt forteljande stillbilete av ei svunnen tid, ei slik kjelde til inspirasjon og byggjar av identitet, tykkjer eg har eit viktig potensial ein ikkje har råd å la svinna hen.

Sidan førre søknad kor eg fekk tildelt pengar, har eg samla det eg kan av historie. Underteikna har:

- vore på Teaterarkivet til Universitet i Bergen og avfotografert bilete av skodespelar Johan Øvretveit, fått tak i ein teaterplakat, samt anna relevant informasjon
- vore og undersøkt Arne Bjørndals samling etter informasjon om felemakar og felespelar Nils Øvretveit, også det hjå Universitet i Bergen
- tatt kontakt med og innhenta informasjon og masteroppgåve frå musikar Anette Thorsheim som hadde musikaren Karl Øvretveit som tema, samt skaffa kopi frå Ove Nesbø si særoppgåve om same mann men denne omhandlande forfattaren Karl Øvretveit
- besøkt Bergen bibliotek og leita gjennom Nasjonalbiblioteket sine skanna aviser på leit etter informasjon om alle tre brørne, Karl, Nils og Johan
- kontakta næraste etterkomarar av brørne, og innhenta bilete, avisutklipp og historier
- skrive eit omkring 75 A4-siders ressurshefte om Roparhaugsamlinga, kulturbrørne Øvretveit, og lokal kultursoge
- ferdigutvikla undervisningsidear til besøkande skuleklassar, saman med Sigrun Øvretveit, me er begge utdanna pedagogar – undervisningsopplegga vert vedlagt i ressursheftet nemnd ovanfor
- skaffa til vegs kopi av konservatornedteikningane tilknytt tilstand, funksjon, og bakgrunn, tilknytt alle museumstinga i samlinga, og trykt desse opp i to permar som no vert lagt i monterer
- fått donert boka «Komediateatret» hjå forfattaren sjølv: professor emeritus Kari Gaarder Losnedahl, dette for at dei besøkande som måtte ønska fordjupa seg meir i skodespelar Johan Øvretveits virke har moglegheit til det

- fått donert fleire ressursbøker som besøkande kan kika i, deriblant 5-6 utgåver av Mimra frå Lindås sogelag, Strilakrigen, dette for å presentere meir av dagleglivet for hundre år sidan i lokal kontekst
- fått donert brukte felestrenger til hardingfele frå bekjente musikarar, slik at dei fire felene i samlinga kan framstå i betre stand enn slik dei er i dag – dei manglar i dag omtrent halvparten av strengene dei skal ha for å sjå grei ut
- fått donert fleire skråstilte bokstøtter til utstilling av Karl Øvretveits bøker, hjå Norli Knarvik
- kjøpt diverse småting som felestativ, ei diktsamling etter Karl Øvretveit som mangla til montereren, m.m.

### Hovudmål

- å utvikla og bevare Roparhaugsamlinga si immaterielle kulturarv og setja den materielle arva inn i ein tekstleg og biletleig kontekst så godt det høver seg gjennom eit ressurshefte med lokal kultursoge

### Delmål

- å trykka opp 20 bøker av ressursheftet eg har skrive og samla, kor cirka 10 eksemplar vert verande i Roparhaugsamlinga for skuleklassar og andre besøkande å kikka i. Resten av bøkene vert delt ut for bevaring til Teaterarkivet, Arne Bjørndals samling, Lindås sitt kulturkontor, og ein etterkomar etter kvar av brørne
- å trykka opp eitt eksemplar av ei fotobok på kring 50 sider av skodespelar Johan Øvretveits karakterar og bilete av han på Komediateatret, innhenta frå Teaterarkivet ved UiB, samt leggja ved korte utdrag av avisannemeldsar av skodespelarprestasjonane hans frå 1919 til 1955, innhenta frå Nasjonalbiblioteket. Denne fotoboka skal ligga i montereren for besøkande å kika i
- å fotografera bunadstinga som ikkje lenger er i samlinga, og deretter kjøpa ein roll-up (85x200cm) illustrert med desse tinga, slik at besøkande framleis kan sjå kva som ein gong var her. Informasjon om kvart av plagga finn ein i heftet eg har laga om samlinga og er nedteikna av Johan Øvretveit i tida han dreiv innsamlinga av desse plagga
- å kjøpa ubleika lerret til museumstinga i vindauget i andre etasje, som anbefalt av konservator
- å gå til innkjøp av ein trådlus støvsugar for å enkelt reingjera både første og andre etasje etter arrangement, i mangel på støpsel. Eg støvsugde nyleg heile andre etasje ved hjelp av ein rull skjøteledning, og det var sikkert første gong det er gjort
- å gå til innkjøp av fleire ressurs-CD'ar til avspeling for dei besøkande, med folkemusikk frå lokalområdet, i hovudsak etter Øvretveit-slekta. Anette Thorsheim har innspelt fleire CD'ar med slikt innhald. Samt kjøpa ein enkel CD-spelar til avspeling av desse.
- å gå til innkjøp av fleire ressurs-bøker for dei besøkande å fordjupa seg i, og som kontekstualiserande verkemiddel for samlingas samtid, til dømes Ørnulf Hodne sine bøker om norsk folketru og tradisjon
- å få kjøpt kake og kaffi og småting til opninga av utstillinga. Ynskjeleg med gratis inngang.

### **Tidsplan (milepæler) er tenkt gjennomført i løpet av 2018:**

1. Motta tilskot
2. Gjera alle innkjøp og trykka opp bøker
3. Gjennomføre prosjekt
4. Ha ei ordentleg kulturopning av ny utstilling
5. Fortsetje med kulturarrangement i huset

### **Målgrupper**

Målet med å bevare og utvikla den immaterielle kulturarven er å ha noko handfast å visa besøkande i alle aldrar, speglende eit mangfald av interessefelt – det vera seg lyd, bilete, tekst, historie eller handverk.

### **Prosjektaktiviteter**

Vidare følgjer eit oversyn over dei tre brørne og litt av kulturarven dei materialiserer:

- Nils Øvretveit er eldst av dei tre, og var felemakar og felespelar. Det er tidlegare gjort opptak av slåttar etter Nils, som er skaffa på CD, og i Roparhaugsamlinga i dag finnes det feleformar som kan stillast ut. Feler laga av far til Nils og brørne, er det òg mogleg å stilla ut. Det er henta inn bileta av og historie om Nils som person. Anette Thorsheim har spela inn fleire slåttar som kjem frå brørne Øvretveit, og det er ønskjeleg å kjøpa inn nokre CD'ar frå ho til huset.
- Johan Øvretveit er i midten av dei tre, og var skodespelar i Bergen på Komediateatret og i Radioteatret. Han har òg samla bunadane tilknytt Roparhaugsamlinga. Det er tidlegare gjort opptak av Johan som kvedar eit lokalt stev, som er skaffa på CD. Det er innhenta masse bilete av Johan frå Teaterarkivet, og drøssevis av avisanmeldelser frå Nasjonalbiblioteket. Fun fact: Bjarte Hjelmeland er etterkomar av søstra til desse tre brørne.
- Karl Øvretveit er yngst av dei tre, og var diktar, lærar, forfattar og skipar av Roparhaugsamlinga. I høve prosjektet det vert søkt støtte til, har underteikna fått i gåve frå familien til Karl, eit eksemplar av kvar av hans utgitte diktsamlinger, romaner og skodespel, til utstilling i montér (i alt ca 15 stk). Det er òg gjort innhenting av hans personlege historie, bilete og avisutklipp. Det er tidlegare gjort opptak av Karl som spelar lokale slåttar på fele, som er skaffa på CD.

### **Relevans i forhold til «Retningslinjer for kommunal støtte»**

Følgjande punkter henta frå «Retningslinjer for kommunal støtte (kulturmidlar) til frivillige organisasjonar» er gjennomgåande byggjesteiner i prosjektet det vert søkt støtte til, og såleis underbyggjer det eit argument om å støtte prosjektet:

- *§1 Generelt*
  - Bygdeidentiteten skal ivaretakast.
  - Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg
- *§2 Støtte til kulturarbeid har som målsetting:*
  - å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald
- *§4 Kommunal støtte til frivillige organisasjonar og einskildpersonar vert tildelt innan programområda:*
  - kulturvern og samlingar
  - kunstformidling & musikk
  - andre kulturaktivitetar
- *§5 Rett til tilskot – krav*
  - ha kontinuitet (etter oppstart, over år) i si kulturverksemd
- *§9 Tilskot til drift/investeringar i bygg/anlegg og til utstyr*
  - Tilskotet vert gjeve til;
  - investeringar i eigne kulturbygg og anlegg
  - drift av eigne kulturbygg og anlegg
  - kjøp av utstyr og materiell

### **Relevans i forhold til «Kulturminneplan 2011-2021»**

Vidare vert det peikt på følgjande sitat frå «Kulturminneplan 2011-2021 for Lindås kommune» som underbyggjar prosjektformålet:

- «Få av kjeldene til vår eiga historie ligg i arkiv eller på museum. Dei fleste finst kring oss i bygningar, landskap eller i folk sitt minne eller kunnskap. Gravhaugar, båtar, eller dansetradisjonar rommar i seg sjølv ein unik liten bit med informasjon om fortida, tradisjon og utføring. Vi kan sikre kunnskapen gjennom ulik dokumentasjon, men opplevingsverdien vil vera knytt til at det opphavlege kulturminnet vert teke vare på.»  
(s.7 – 1.2 Kjelder til kunnskap om lokalhistorie i Nordhordland)
- «Det finst enno tilgjengelege kunnskaper, samt arkiv, om kulturpersonane på Øvretveit.»  
(s. 11 – 2.2 Lindås kommune si eige»
- «Kunnskap er nøkkel til å sjå verdiane i kulturarven. Det å ta vare på må difor gå hand i hand med å gjera tilgjengeleg og formidla kunnskap om tradisjonar og livet i bygdene.»  
(s. 21 – Del 3 «Kva skal og kan vernast?»)
- «Verdien av kulturminna aukar i kraft av kva kunnskap vi har om dei enkelte objekta og samanhengane dei har vore ein del av. Det er difor viktig å dokumentere kunnskapen kring samlingar og kulturminne før den blir borte.»  
(s. 22 – Del 3 «Kunnskap om kulturminna»)

- «Oppdaterte, og nye kartleggingar av dei områda ein ikkje har god oversikt over vert gjort både for å samle kunnskap og som grunnlag for prioriteringar. Dette vil vera ein reiskap om kommunen ynskjer å gi støtte til tiltak i privat regi, men kan også vera utløysande for tilskot frå andre aktørar. Det kan også gje ny og heilskapleg kunnskap om dei ulike områda.» (s.22 – Del 3 «Kunnskap om kulturminna»)
- 4.3 Delmål og tiltak – Samlingar (s.25)  
Tiltak kommunalt ansvar  
Delmål: Dokumentasjon kommunale samlingar  
«Avsetje prosjektmidlar til å dokumenterer historikk kring eigne samlingar og kunnskap om gjenstandar og bygningar.»
- 4.4 Delmål og tiltak – Faste kulturminne, Kulturlandskap, immateriell kulturarv (s.27)  
Stimulere til at kunnskaper om den immaterielle kulturarven vert dokumentert og vidareført»

**Kommunalt ansvar:**

Det er også nevnt i kulturminneplanen (2011-2021) som delmål og tiltak ved Roparhaugsamlinga;

- Varmeomnar, kontroll el-opplegg, blanding av vindauge, mobile toalettanlegg ved dei kommunale anlegga, tilgang til vatn.

Dette er noko underteikna oppfordrar om at kommunen tar ansvar for og ønskjeleg får gjort parallelt med det søkte prosjekt, då det går utanom mi realiseringsevne – dog gjerne i ein dialog.

### **Kven er søkjaren?**

Vegard Eide, fødd 1992, er oppvokst på Fammestad i Lindås, i nær tilknytning til Roparhaugsamlinga på Øvretveit. Eg har dei siste seks-sju åra drive med innsamling av lokalhistorie på fritida. Elles er eg musikar med eige plateselskap, nyleg blitt forfattar (diktar) med eige forlag, ferdig utdanna musikk- og engelsklærer, og utdanna lektor i undervisningsvitenskap med pedagogikk som fordjuping, frå Høgskulen på Vestlandet. Eg tar for tida årsstudium i historie ved Universitetet i Bergen.

Som nemnd før i søknaden har eg tidlegare arrangert fleire kulturarrangement i Roparhaugsamlinga, og med eit overskot av gjennomføringskraft er realiseringa av prosjektet i hovudsak berre eit spørsmål om pengar. Noko tid vil óg måtte settast av, i denne omgang særleg til ressurshefte og avfotografering av bunadstinga, men sær mykje er allereie gjort.

Kontaktperson

Vegard Eide,

tlf. 414 55 715

[vegardeeide@hotmail.com](mailto:vegardeeide@hotmail.com)

Bergen, 18.februar 2018





### **Budsjett – utgifter**

Her følger eit kort oversyn over budsjettet. Innunder prisane som krev designer (bøker og roll-up) er medrekna kostnad for ein bekjent grafisk designer, og prisanslag for bøker og roll-up er henta frå markedets billigaste trykkeri som eg har god erfaring med; [www.lasertrykk.no](http://www.lasertrykk.no).

5000,- Ressurshefte med immateriell kultursøge, 20 stk

3000,- Fotobok av skodespelaren Johan Øvretveit

2000,- Roll-up m/bilete av bunadstinga

1000,- Ressursbøker (Ørnulf Hodne skriv mykje og godt om norsk folketru)

2000,- Ressurs-cd'ar (bl.a. Anette Thorsheim har lokal folkemusikk)

1000,- Til arrangementgjennomføring ved nyopning (kake, kaffi, annonsering)

2000,- Trådlaus støvsugar

[https://www.elkjop.no/catalog/hjem-og-husholdning/no\\_stovsuger\\_rengjoring/stovsuger-og-rengjoring](https://www.elkjop.no/catalog/hjem-og-husholdning/no_stovsuger_rengjoring/stovsuger-og-rengjoring)

500,- CD-spelar

500,- Anna småting; t.d ubleika lerret for dekking av museumstinga i vindaugget

+10.000,- Arbeidstid (estimert 66 arbeidstimer a kr. 150 kr/timen) knytt blant anna til utarbeiding og ferdigstilling av ressurshefte og gjennomføring av avfotografering av bunadsting.

= 27.000,-